

## Referat frå styremøte 10. april 2019

Til stade: Rune, Ruthild, Mari og Sindre (referent).

### Sak 1 – vårdugnad

Styret la plan for vårdugnaden:

- Rydde fotballbana i Nilstreet og fikse dekket. Mari snakkar med /søker kommunen om hjelp.
- Dukkestove til Dalhjellevegen. Sindre har gjort intensjonsavtale om kjøp. Mari kontaktar kommunen og maskinhjelp.
- Rydde leikeplass på Stytti og skifte ut husker dersom behov. Sindre høyrer med folka på Stytti om behovet og om dei vil bidra.
- Rydding av kvist og kvast.
- Impregnering av lavvo, viss veret tillet det. Må spyle duken først gjerne med middel som fjernar mose/alger. Må vere miljøvenleg stoff. Rune undersøker.
- Pusse benkebord i Nilstræet. Ruthild sjekkar status og vurderer om det er hensiktsmessig å behandle dei.
- Ny sand til sandkassene tek vi utanom dugnaden.

Vi deler ut innkalling samtidig med faktura for kontingent. Sindre skriv ut, resten av styret er med og distribuerer. Skriv i innkallinga kva vi skal gjere på dugnaden.

### Sak 2 – ymse

Felling av grantrær i krysset under Elihaug blir utsett på ubestemt tid i påvente av avklaringar med naboar.